

Trygg og framtidsretta



Strategi næring

Vedtatt Time kommunestyre 10.11.2015



Time kommune

Innleiing

Med visjonen «Trygg og framtidsretta» vil Time kommune bidra til å ta vare på og vidareutvikla eit breitt næringsliv. Regionsenteret Bryne skal vera drivkraft for næring, læring og kultur.

Næringslivet på Jæren er kjend for samarbeidsevne, grûndermentalitet, produktutvikling, omstillingsevne og internasjonal orientering. Time kommune ønskjer å vera både ein aktiv samarbeidspartnar med bedriftene, med akademia, og med andre næringsaktørar regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Næringsstrategien for 2015-2020 skal leggja til rette for ein god og aktiv dialog med bedriftene i kommunen, og byggjer på Strategisk næringsplan som Greater Stavanger utarbeider for regionen. Føreseielege rammevilkår for bedriftene skal saman med rask og løysingsorientert saksbehandling bidra til å leggja til rette for god næringsutvikling. I tillegg til at kommunen på enkelte område utarbeider eigne reglar og retningslinjer ønskjer me å utvikla forpliktande samarbeid med ulike bedriftsnettverk i dei næraste åra, for eksempel innfor området byutvikling.

Bedriftene sine behov er grunnleggjande for næringsutviklingsarbeidet i Time kommune, og næringsstrategien er i samspel med andre kommunale planar og strategiar, m.a. internasjonal-, innovasjons-, kommunikasjons-, og IKT-strategi.

Regionen vår må rekna med å omstilla seg frå relativt stort innslag av olje- og gassaktivitet til andre næringar i tida som kjem.

Saman med megatrendar som standardisering, robotisering, automatisering og ikkje minst globalisering, trur me at det viktigaste vert å stilla dei gode spørsmåla, og sikra at me jobbar med dei rette tinga, meir enn at me søker etter løysinga eller svaret.

Meir og hyppigare informasjonsinnsamling og behandling av kritisk informasjon kan gje bidrag til å forstå den endringa me går mot.

Overordna mål for næringspolitikken

Time kommune skal vera ein god tilretteleggjar og føreseieleg ovanfor dei ulike aktørane i næringslivet. Kommunen skal leggja til rette for god næringsutvikling, men ikkje driva næring utan at spesielle forhold tilseier det. Me legg til rette for aktiv dialog gjennom oppdatert informasjon og er opne for nye, innovative samarbeidsformer.



Kommunen vil vera best på næringspolitikk ved å vera:

- Tilgjengeleg
- Dialogorientert
- Truverdig
- Handlingsretta

Hovudmålgruppene for kommunen sitt næringsarbeid

- Næringsdrivande i kommunen
- Bedrifter som ønskjer å etablera seg i kommunen
- Utbyggjarar som vil realisera prosjekt i kommunen
- Styresmakter som regulerer planlegging og næringsverksemd
- Kringliggjande interessantar



Samarbeidspartar i kommunen sitt næringsarbeid

Time kommune ønskjer eit aktivt samarbeid med andre aktørar som driv med næringsutviklingsarbeid. Nokre av aktørane har kommunen eit formalisert samarbeid med, mens andre samarbeid kan oppstå for ein tidsavgrensa periode, eller for å løysa spesifikke oppgåver.

Greater Stavanger og Stavangerregionens Europakontor

Time kommune er partner i Greater Stavanger (GS) og Stavangerregionens Europakontor, og GS skal vera med å sikra konkurranseevna, omstillingsevna, og verdiskapinga i regionen. Gjennom aktiv deltaking i Stavangerregionens Europakontor <http://stavangerregion.no/kontakt-oss-2/> vil me auka den internasjonale kompetansen vår. Me har gjeve tilslutning til strategisk næringsplan som går fram til år 2025. Link: (<http://www.greaterstavanger.com/Media2/Publikasjoner/Planer>). GS utarbeider også årlige handlingsplanar for regionen sin samla næringsinnsats.

- Visjonen for Greater Stavanger (GS) er å vera open, energisk, og nyskapande.
- Hovudmålet er å vera størst på konkurransekraft og verdiskapingsevne i landet.
- GS har seks innsatsområder: 1) Kompetanse, 2) Infrastruktur, 3) Nyskaping, 4) Attraktivitet, 5) Internasjonalisering, og 6) Offentlige tenester.

Region Stavanger

Time kommune er medlem av Region Stavanger som er eit felles reiselivs-, og destinasjonsselskap i Stavangerregionen. Selskapet tek seg av marknadsføring, sal og reiselivsutvikling på regionalt nivå, og både kommunar og næringa er medlemmer. Region Stavanger har nyleg laga ein meir fokusert strategiplan med færre og meir fokuserte arbeidsområde.

Me samarbeider om ulike typar informasjon til turistar, opplæring, turistinformasjon og utvikling av nye reisemålskonsept for nasjonale og internasjonale gjester.

Time bondelag

Time kommune ønskjer å bidra til ei bærekraftig landbruksnæring på Jæren. Kommunen har regelmessige møte med Time bondelag, der me drøfter ulike oppgåver og utfordringar som landbruket står i.

Håland Næringsforening og andre næringsklynger

I Time kommune fins mange høgteknologiske industri- og produksjonsbedrifter som har utvikla seg frå smie- metall- og landbruksreiskap. Mange av desse er lokalisert i Varheia, Håland, Ree og Svertingstad og på Lye. Samarbeid med mellom anna Håland næringsforening kan bidra til ein enklare dialog med bedriftene i området på Håland. Time kommune oppmodar også til samarbeid med andre næringsklynger om bedriftene ser nytten av det.

Brynebyen og M44

Bryne er handelssenteret på Jæren, og gjennom ny sentrumsplan vert nå rammene lagt for mange år. Brynebyen og M44 er viktige samarbeidspartar for Time kommune for å utvikla og skapa den byen folk vil bu, leva og handla i. For utvikling av den smarte byen Bryne, er kommunen førebudd på å etablere nye innovative og forpliktande måtar å arbeida på.

Jæren Produktutvikling, Skape, Vinterlandbrukshøgskulen

Gjennom partnerskap i Jæren Produktutvikling og Skape er Time kommune sikra ein kapasitet til rettleiing, støtte og opplæring av nye grunderar, nye idear og kurstilbod. Vinterlandbrukshøgskulen skal gje kunnskap, inspirasjon og framtidstru til landbruksnæringa.

Andre foreiningar og lag

Time kommune er positiv til samarbeid og samhandling med andre aktørar som bidreg til positiv næringsutvikling. Me vil nyttiggjera oss metodar som kommunen elles har utvikla gjennom innovasjonsarbeid med innovasjonsstrategi, der kundebehovet står sentralt og nytteverdien er synlig.

Ulike frivillige lag og organisasjonar bidreg stort til mangfald og opplevingar, og gjev viktige bidrag til alle som jobbar, bur og besøkjer kommunen. Styrking av Bryne som regionby vil gje fleire kundar til butikkane og kafeane og kan på sikt gje moglegheiter for nye samarbeidsmåtar.

Rollar i næringsutviklinga

Ordførar

Ordføraren har eit særleg ansvar for kommunen si vertskapsrolle, gjennom å vera tilgjengeleg og ein god ambassadør og døropnar for bedrifter som er i kommunen, så vel som for dei bedriftene som ønskjer å etablere seg her. Ordføraren leier styringsgruppa for Byutvikling, og deltar jamleg i møte hos bedrifter saman med rådmann og næringssjef.

Politikarar

Formannskapet er næringslivsutval med ansvar for næringspolitikken i kommunen. Lokal Utvikling har ansvar for dei fleste areal- regulerings- og landbruksplanane. Politikarar i formannskapet, kommunestyret og dei sentrale utvala har ansvar for å etterspørja og halda seg godt orienterte om næringsutviklinga i kommunen.

Rådmann

Rådmannen har det overordna administrative ansvaret for næringsutviklingsarbeidet i kommunen, og koordinera nødvendige ressursar for å møta skiftande behov hos bedriftene.

Næringssjef

Næringssjefen skal halda seg oppdatert på næringsutviklinga i samfunnet, og ha nær kontakt med næringsdrivande og andre samarbeidspartar. Næringssjefen koordinerer internt næringsråd.

Strategiar for næringsutvikling i Time

1. Aktiv dialog mellom kommunen og lokalt næringsliv
2. Tilretteleggja for utviding av bedrifter og nyetableringar
3. Ledige næringsareal
4. Byutvikling
5. Løysingsorientert saksbehandling

1) Aktiv dialog mellom kommunen og lokalt næringsliv

Næringslivet er stadig i endring, og i tillegg til å kontinuerleg leita etter nye innovative løysingar i olje- og gasssektoren, så vel som i landbrukssektoren, har regionen vår nå også behov for omstilling og å finna nye forretningsmoglegheiter.

Time kommune vil søkja å bidra i denne omstillingsfasen med å vera oppdatert på bedriftene sine behov, og leggja til rette best mogleg med dei verkemidla kommunen rår over. Innhenting av oppdatert informasjon om næringsutvikling, bidreg til betre og meir fokusert innsats. Tidleg og tydeleg informasjon frå begge partar kan betra saksbehandlingsprosessane.

Me trur at tidleg og regelmessig dialog bidrar til meir effektiv saksbehandling. I tillegg til at me jamleg bidrar med informasjon frå kommunen, ønskjer me å invitera til ulike temamøte.

Næringsstrategien samspealar med den internasjonale strategien, og me legg også til grunn innovasjonsmetodikken vår i måten å løysa utfordringar på, m.a. gjennom sterkt fokus på riktige teamdeltakarar, og «behov-, løysing-, og test-» prosessar.

Dette ønskjer me å få til:

- Leggja til rette for vidareutvikling av eksisterande bedrifter og nyetablering av bedrifter og arbeidsplassar
- Proaktiv dialog med ulike næringsaktørar, bedriftsnettverk og klyngeinitiativ for å avdekka behov
- Invitera med representantar frå bedrifter inn i ressurs-, og referansegrupper
- Aktivt samarbeid med utvalde regionale aktørar som driv med næringsutvikling
- Auka kunnskapen og kompetansen på internasjonale næringsrelaterte område
- Halda samarbeidspartnarane våre orienterte om bedriftene sine behov, og bidra til å setta fokus på dei moglegheitene og utfordringane bedriftene våre har
- Bidra til aktivitetar som bidreg til positivt omdømme for området vårt
- Vera tilgjengeleg og positiv til konstruktive forslag som bidreg til vidareutvikling

Dette vil me gjera:

- Ta initiativ til faste møte med ulike bedriftsnettverk for å sikra oppdatert informasjon om behova deira.
- Arbeida frem fleire moglege regionale etableringar
- Regelmessige dialogmøte med Time bondelag, regelmessig gje ut informasjon til landbruksnæringa, og årlig invitera yngre bønder til «bli kjent-møte» med kommunen
- Vera tilretteleggjar for studieturar der det er føremålstenleg
- Bruka internt næringsråd for å koordinera kontinuerlege tiltak i næringsrelaterte spørsmål



2) Tilretteleggja for utviding av bedrifter og nyetableringar

Time kommune ønskjer eit breitt samansett næringsliv. Næringsutviklingsarbeidet skal vera retta mot å dekkja eksisterande bedrifter sine behov innanfor føreseielege rammevilkår.

Me vil og stimulera til nyetableringar, og me vil ha fokus på å tiltrekkja oss støttespelarar og samarbeidspartar rundt bedriftene, m.a. innovasjons- utviklings- og forskingsmiljø.

Både næringslivet og innbyggjarane våre er stadig meir internasjonale, og dette fører til at me vil arbeida for å auka den interne kompetansen på internasjonale nærings spørsmål.

Dette ønskjer me å få til:

- Tilsette i kommunen kommuniserer opent og tydeleg med føreseielege rammevilkår
- Samla og gjera tilgjengeleg informasjon om næringsrelaterte spørsmål
- Gjera informasjon om det å driva næring i Time kommune lett tilgjengeleg
- Måla tiltaka våre over tid
- Bidra til å gjera næringslivet i kommunen attraktivt for nasjonale og internasjonale utviklings- innovasjons- og forskingsmiljø

Dette vil me gjera:

- Støtta opp om tilgjengeleg etablerarretteleing
- Innhenta data om kor attraktivt det er å arbeida, bu og å leva i kommunen
- Arrangera næringstreff og informasjonsmøte med aktuelle tema og spørsmål, gjerne i samarbeid med andre organisasjonar
- Oppdatera næringsmessige spørsmål på kommunen si nettside
- Ordførar, rådmann og næringssjef inviterer seg ut til enkelte bedrifter og bedriftsnettverk
- Vera eit godt vertskap, både for besøk til kommunen, og ved besøk til enkeltbedrifter



3) Ledige næringsareal

Time kommune har i fleire år opplevd vekst i mange bedrifter, og store næringsareal er tatt i bruk. Bedrifter ønskjer at det finst både private og kommunale næringsareal tilgjengelige. Utover dei areala som allereie er avsett som framtidige næringsareal i kommuneplanen, vil me arbeida for å transformera og utnytta næringsareala som allereie er tatt i bruk, på ein betre måte.

Regionalt er det utarbeida ein regional næringsarealstrategi for Stavangerregionen, som viser ei ønska utvikling og styring av ulike næringsaktivitet mot enkelte område.

Dette ønskjer me å få til:

- I Time kommune skal det alltid vera privat og offentleg ledig næringsareal til formål som er nødvendig for ønska utvikling innan handel og tenesteyting, industri, produksjon og reiseliv.

Dette vil me gjera:

- Leggja til rette næringsareal gjennom betre utnytting av eksisterande næringsområde
- Utvikla eksisterande og nye sentrumsnære næringsområde i Bryne sentrum, - Håland/Ree/Svertingstad, - Varheia, - Kverneland, og på sikt i Bybåndet sør
- Utvikla nytt næringsareal på Svertingstad
- Bidra med informasjon om ledige næringsareal og sal til potensielle etablerarar



4) Byutvikling

Bryne skal styrkja seg som bysenter på Sør-Jæren, og ny sentrumsplan legg til rette for ny utvikling og vekst framover. Byutvikling krev godt samarbeid med bedrifter, utbyggjarar, frivillige og andre partar for å sikra gode løysingar for framtida, der m.a. gode parkeringsløysingar, byforskjønning, og lyssetting vert viktige tema.

Me vil gjera Bryne attraktiv for alle som vil bu, leva, og arbeida i Bryne. Byen skal utviklast med gode løysingar for gåande, syklistar, bilar. Ikkje minst vil gode kollektive løysingar i og rundt Bryne stasjon verta prioriterte. Me ønskjer å setja den smarte byen på dagsorden, og dra nytte av andre relevante regionale initiativ på dette området.

Time kommune vil arbeida for å få fleire regionale offentlege oppgåver og arbeidsplassar lagt til regionsenteret på Jæren, og me vil oppmuntra til forpliktande samarbeid med andre utviklingsaktørar i sentrum.

Dette ønskjer me å få til:

- Leggja til rette for ei positiv utvikling av handel og opplevingar i Bryne
- Gjera Time og Bryne attraktivt for folk til å jobba, bu og leva her
- Stimulera til meir aktivitet i Bryne
- Leggja til rette for meir samarbeid om ulike tiltak og arrangement

Dette vil me gjera:

- Styrka samarbeidet mellom offentlege og private aktørar i Styringsgruppa for Byutvikling, kor fokuset er på gjennomføring av gode idear og å arrangera den årlege Bykonferansen
- Arbeida for fleire regionale etableringar
- Gjennomføra tiltaka som er planlagde for å gjera Bryne til ein fin, trygg og moderne by, og utvikla Storgata til gågate
- Ta ansvar for sommar- og vintertorget i Bryne sentrum
- Stimulera gardseigarar i sentrum av Bryne til å etablere ei forpliktande «gardseigarforeining»
- Arbeida saman med Region Stavanger om ambassadør-programmet og Jærmalerprosjektet
- Leggja til rette for meir (el-) sykkelbruk i og rundt Bryne
- Driva aktiv omdømmebygging av Bryne – byen på Jæren.



5) Løysingsorientert saksbehandling

Time kommune arbeider kontinuerleg med å ha gode og oppdaterte planar for oppgåver som skal utførast. Kommunikasjonsstrategien stadfester prinsippa om å vera open, tydeleg og i dialog med innbyggjarane og bedriftene våre.

Eit viktig felt for næringslivet er korleis førespurnader, forslag til løysingar, og søknader vert mottatt, behandla og svarte på.

Me ønskjer å vera ein føregangskommune med løysingsorientert saksbehandling på alle område og med raske og avklarande svar. Med inspirasjon frå innovasjonsstrategien vil me stadig leita etter betre og meir effektive måtar å møta bedriftene sine behov på. På vegen mot ein døgnopen offentlig forvaltning er Time kommune aktiv deltakar i regionale digitale samarbeid, m.a. Smartkommune, og på område med mange like førespurnader vert saksbehandlinga meir standardisert.

På meir komplekse førespurnadar, vil me gjennom aktiv lytting først forsøka å avdekka kva behov førespurnaden eigentleg gjeld. Deretter vil me bruka nødvendig ekspertise for å finna den mest optimale framdrifta for saksgangen. Me vil møta kundane våre med den rette kompetansen i høve til ønska tiltak og kva førespurnaden gjeld, og bidra med tidlig avklaring av dei vesentlige sidene ved førespurnaden.

På alle område vil me arbeida for at informasjon og kommunikasjon skal vera enkel, tydeleg og lett tilgjengeleg.

Dette ønskjer me å få til:

- Vera ein føregangskommune med løysingsorientert saksbehandling på førespurnader frå næringslivet
- Vera tydeleg og open i kommunikasjonen med næringslivet
- Bidra til at vesentlege tema i meir komplekse saker vert tidlig belyst og avklart
- Levera saksbehandling innafor lovlege fristar og framdrift etter avtale med tiltakshavar

Dette vil me gjera:

- Gjennomføra ei analyse av saksbehandlingsprosessar frå næringslivet, og setja i verk forenkling- og forbetringstiltak
- Invitera til eit prosjekt med næringslivet for finna gode digitale løysingar som næringslivet har behov for
- Digitalisera alle næringsrelaterte søknadsskjema i Time kommune
- Oppdatera retningslinjer i «Startpakken» for reguleringsplanar

Vedlegg / Linker

Interne dokument:

- TKs tenestestandard for næring:
<http://www.time.kommune.no/Filnedlasting.aspx?MId1=14580&FilId=3177>
- TKs Internasjonale strategi:
<http://www.time.kommune.no/Filnedlasting.aspx?MId1=14437&FilId=4831>

Time kommune samarbeider også med:

- Greater Stavanger: Regionens strategiske næringsplan:
<http://www.greaterstavanger.com/Media2/Publikasjoner/Planer>
- Region Stavanger sin Strategiske plan for reiseliv: <http://www.regionstavanger.com/Stavanger/Dokumenter/RSBA%20arr/Region%20Stavanger%20BA%20Forretningsplan%202010-2014.pdf>
- Bistand til ideskaparar og etablerarar på Jæren, gjennom Jæren Produktutvikling:
<http://jprod.no/>
- Rettleiing og opplæring til etablera gjennom Skape:
<http://www.skape.no>





Time kommune